



Fylkesmannen i Vestland

Vår dato:

20.03.2020

Vår ref:

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Domstolane i Vestland, Vest politidistrikt,
Hordaland, Sogn og Fjordane statsadvokatembeter
og advokatar.

Informasjon om korleis ein søker fritak frå teieplikta

Fylkesmannen i Vestland behandlar søknadar om fritak frå teieplikt for vitne og dokument. Vi ønsker å informere om regelverket, søknadsprosessen og kva ein søknad må innehalde. Det er utarbeidd eit elektronisk skjema for søknad om fritak frå teieplikt, som vi oppmodar om å bruke.

[Skjemaet finn du ved å følgje denne lenkja.](#)

Kven vi kan fritta frå teieplikt

Når tilsette i barnehagar, skular, barnevern-, sosial-, og helsetenester og tilsette som har oppgåver etter introduksjonslova, skal forklare seg for politi eller domstol, krevst det fritak frå teieplikta. Vårt heimelsgrunnlag er [tvistelova § 22-3](#) og [straffeprosesslova § 118](#) og [§ 230](#). Vi kan berre nekte å fritta frå teieplikta når det kan utsette staten eller allmenne interesser for skade eller verke urimeleg overfor den som har krav på hemmelegald. Vi kan fritta vitne og dokument frå teieplikta om det er nødvendig for politiet si etterforsking av ei straffesak. Vi kan òg samtykke til at vitne og dokument blir fritatt frå teieplikta og kan førast som bevis for domstolen, både i straffesaker og sivile saker.

Fylkesmannen kan ikkje fritta frå profesjonsmessig teieplikt

Fylkesmannen har ikkje mynde til å fritta frå profesjonsmessig teieplikt, som til dømes helsepersonell har etter helsepersonellova. For nokre yrker gjeld det dessutan eit særskilt bevisforbod, sjå [straffeprosesslova § 119](#) og [tvistelova § 22-5](#). Dei som ikkje er nemnd i desse reglane, vil i dei fleste tilfella kunne forklare seg for politi og domstol viss dei er fritakne frå forvaltningsmessig teieplikt.

Ingen søknad ved samtykke

Den som har krav på teiing kan sjølv samtykke til at dei teiepliktige opplysningane blir lagt fram, jf. [forvaltningslova § 13 a nr. 1](#). Politi og advokat må difor først prøve å få eit samtykke frå den eller dei som har krav på hemmelegald, dersom dette ikkje påverkar pågåande etterforsking eller straffesak. For barn er det foreldre med foreldreansvar som kan samtykke. Som hovudregel krevst det samtykke frå begge, eventuelt frå verje.



Send søknad i god tid

Fullstendig søknad må vere sendt Fylkesmannen så tidleg som råd, helst innan tre veker før saka skal for retten, eller politiavhøyr skal gjennomførast.

Søknaden må innehalde

- namn, fødselsdato, stilling og arbeidsstad for vitne
- namn på partane i saka
- kva saka gjeld, kva vitnet skal forklare seg om og kvifor det er relevant for saka
- om det er forsøkt å innhente samtykke frå dei som har krav på teiing, eventuelt kvifor ikkje
- dato for forklaring, kva instans forklaringa skal givast for
- saksnummer for domstolen
- uttale frå vitne og vitnets leiar, om dei har innvendingar mot forklaring

Søknad om fritak for dokument

Ved søknad om fritak om dokument må de konkretisere kva dokument de treng og kvifor. Søknad om fritak for dokument skal rettast til oss. Vi hentar ikkje lenger inn dokumenta, men vil på grunnlag av søknaden og informasjon om kva opplysningar det er tale om, vurdere om det er urimeleg overfor dei som har krav på teiing at dokumenta med ønskete opplysningar blir fritatt frå teieplikt.

Avgjerda vår blir sendt til den som har søkt om fritak, med kopi til tenesta som skal utlevere dokumenta. De må sjølve ta kontakt med tenesta for å få dokumenta etter at de har mottatt vår avgjerd, på same måte som når de kontaktar vitne for å avtale vitneavhøyr/vitneførsel. Det er tenesta sjølv som må gå gjennom dokumenta og eventuelt ta vekk opplysningar som ikkje er omfatta av vårt fritak.

Vi minner om at det er svært viktig at de er så konkrete som mogleg om kva opplysningar de ønskjer utlevert og grunngjevinga for dette i søknadane dykkar til oss. Vi minner òg om at vi ikkje har mynde til å frita opplysningar frå teieplikt som helsepersonell har fått i eigenskap av å vere helsepersonell, jf. straffeprosesslova § 119, tvistelova § 22-5, jf. helsepersonellova § 21.

Dersom de får samtykke til fritak frå teieplikta frå den eller dei som har krav på teiing, treng de ikkje søke Fylkesmannen, jf. forvaltningslova § 13 a nr. 1 og helsepersonellova § 22 (for helseopplysningar).

Ikkje behov for ny søknad for ny instans

Fylkesmannens samtykke gjeld både for etterforskinga og for eventuell framtidig rettargang i saka.

Barnevernstilsette treng ikkje fritak for å uttale seg i barnefordelingssaker

I barnefordelingssaker treng ikkje Fylkesmannen frita barnevernstilsette frå teieplikta.

Barnevernstenesta kan uhindra av teieplikta gi opplysningar til domstolen, sjå [banelova § 61a](#).

Med helsing

Linda Svori (e.f.)
seksjonsleiar

Anne Merete Strandenes
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent